

Sluttrapport frå bygdeutviklingsprogrammet i Stongfjorden 2011-2013

2013 er det siste året i bygdeutviklingsprogrammet. Dette er difor ei oppsummering av heile perioden frå 2011-2013. Tiltaka som er beskrivne under er tiltak som er i tråd med prosjektplanen «Gode lydar» som vart vedteken i Stongfjorden Vel då ein søkte Fylkesmannen om deltaking i bygdeutviklingsprogrammet. Med deltaking i programmet vart bygda tildelt til saman kr 330 000 til bygdeutviklingsprosjekt.

Mål: Drift av tilflyttingsprosjektet "Fleire Stongfjordingar"

Målet med prosjektet var å skaffe 3 nye barnefamiliar til bygda i løpet av 2010-2011. Langsiktig mål var at ein innan utgangen av 2013 har 15 nye familiar i bygda. Måla var sette slik at ein skulle «ha noko å strekkje seg etter. Prosjektet vart sett i gong i august 2010.

Våren 2012 gjekk Stongfjorden Vel i samarbeid med Stongfjorden Vekst om vidareføring av prosjektet. På Stongfjorden Vekst sitt initiativ fekk prosjektet 150 000 frå Sogn og Fjordane fylkeskommune og 100 000 frå Askvoll kommune. Tilskotet har vore nytta til å utvikle prosjektet gjennom eit forprosjekt. Målet med forprosjektet er mellom å utvikle ein webportal, samt knyte kontaktar til samarbeidspartnarar og potensielle kjøparar av tenestene. Drifta av prosjektet har fortsatt vore drive på frivillig basis fram til og med 2012. Også dette året har det vore mange medieoppslag om prosjektet. I samband med prosjektet er det også laga ein reklamefilm om Stongfjorden og ei digital brosjyre. Dette har Stongfjorden Vel høve til å leggje ut på sine nettsider vederlagsfritt.

Prosjektet førte med seg stor vekst i talet tilflyttingar fram til 2013. Sidan skulen vart lagt ned våren 2013 er det betrakteleg vanskelegare å skape interesse for bygda, premissane for prosjektet er difor vesentleg endra.

Mål: Bygging av badestrand

I 2012 lukkast ein med å fullfinansiere badestranda. I tillegg til BU-midlane, har stranda fått kr 50 000 i tilskot frå Gjensidige. Det har også vore halde to bygdebasarar til inntekt for stranda. Våren 2012 vart arbeidet sett i gong. Det har vore leigd inn entrepenør til mykje av arbeidet, men bygdefolk har også lagt ned ein stor innsats i form av arbeidstimar. Dei fysiske tilhøva har vore krevjande. Arbeidet har inkludert mykje mudring og planering under havnivå, steinrydding, muring, plananlegg og planting av prydtre. Jonsokafta 2012 var det opning av stranda ved Ordførar. Badeveret mangla, men det vart ei flott opning likevel. I 2011 har det vore jobba med å skaffe finansiering til både sanitærbygg og badestrand.

Badestrandnemnda under Stongfjorden Vel vil halde fram vedlikehald og utvikling av stranda.

Det er løyvt kr 70 000 til dette føremålet

Mål: Utvikling av nærbutikken som møtestad

Sidan 2011 har Stongfjorden Eigedomsselskap jobba med planane om utvida aktivitet i butikklokala og deltaking i Merkur-programmet. I 2011 fekk butikken tildelt investeringstøtte frå Merkur-programmet. Desse midlane er nytta til ombygging og modernisering av daglegvaredelen. Ramme for

prosjektet var saman kr 370 000, støtta frå Merkur utgjer her kr 135 000. Det meste av ombygginga vart fullført i 2011. Eigedomsselskapet fekk i 2011 fått løyvt kr 60 000 av BU-programmet til planane om pub/kafe. Arbeidet med ombygging tok til i 2012, og vart fullført våren 2013. I 2012 vart det søkt om, om motteke skjenkeløyve til tiltaket. Det står att mindre tiltak på å ferdigstille publokalet, særleg utvendig, men lokalet er teke i bruk og fungerer fint som møteplass i bygda

Mål: Etablering av Stongfjorden Vekst

Stongfjorden Vekst vart etablert i februar 2011. Selskapet har heile tide vore i full drift og er involvert i allsidig verksemd, frå bergsikring, reiseliv, mekanisk industri m.m. Eit sentralt oppgåve for selskapet er å vere til hjelp for folk i bygda som ynskjer å starte eiga verksemd. Selskapet har også vore sterkt involvert i arbeidet med ein framtidig kystveg.

Mål: Greie ut framtida til Trafokiosken

I 2011 vart det løyvd kr 5000 av bygdeutviklingprogrammet til å ta vare på den gamle transformator kiosken i bygda. Dette bygget er ein del av ein rikt industriminnemiljø som ein prøver å ta vare på å formidle, mellom anna i reiselivssamanheng. I september 2011 vart foreininga «Trafokiosken i Stongfjorden» skipa og kommunen har overdrege eigedommen til denne foreininga. Foreininga jobbar med å få til ei finansiering av bygget. Så langt har SFE og Stongfjorden Vel løyvd midlar til tiltaket. I april 2012 fekk Trafokiosken tilskot frå Norsk kulturminnefond på kr 150 000. Arbeidet med restaurering tok til i juli 2012.

Mål: Samhandlingsmal

I mai 2011 inviterte bygdeutviklingsprogrammet til inspirasjonskveld med humørbonden Geir Styve. Dette vart gjort i samband med Grendahuset sitt 10 års jubileum. Dette vart ein nyttig og inspirerende kveld som gav mange gode innspel til vidare samarbeid i bygda

Mål: Park

Det har vore vurdert fleire alternativ for ein liten rekreasjonspark. I samråd med styret i Grendahuset og med grunneigar har ein landa på eit alternativ i tilknytning til Grendahuset. Det er gjort avtale mellom Stongfjorden Vel og grunneigar om bruk av arealet til park. Ei lita nemnd har utarbeidd plan for anlegget og det er løyvd kr 67 000 til føremålet. Det meste av arbeidet er utført i 2013. Det har vore lagt vekt på å få til ein park som skapar leikelyst hos barn og med materialbruk som gjere den mest mogleg vedlikehaldsfri.

Mål: Gjennomgangsbustader

Det har sidan oppstarten av prosjektet vore sett på mange ulike løysingar for å få til nokre gjennomgangsbustader i bygda. Til slutt landa prosjektstyret på ei løysing med samarbeid med Naustdal Bygg ved Steinar Bråstad. Avtalen vart gått inn med dei desember 2013 og dei skal i samarbeid med Stongfjorden Vel utarbeide eit prosjekt for gjennomgangsbustader. Naustdal bygg har også stått for gjennomføring av tilsvarande prosjekt på Høgda i Førdefjorden. Det er løyvd kr 40 000 av bu-midlane til dette.

Mål: Marina

Grandane feriehus tilbyr i dag gjesteplassar for båt. Styret for Bu-programmet har difor valt å setje inn midlar i fornying og oppgradering av båthamna. Småbåtlaget sende i 2013 inn ein søknad i samband med eit omfattande og kostbart arbeid med å få til ein betre parkeringsplass, båtslipp og lyssetting av innseglinga.

Det er løyvd til saman kr 47 000 til dette føremålet

Mål: Nye heimesider for bygda

I 2013 vart det gjort avtale mellom Stongfjorden Vel og Westport AS om utvikling av heimeside for bygda og drift av denne i 3 år. Westport har sidan gått inn som selskap, men Stongfjorden Vekst tilbyr same personalressursen til arbeidet og har overteke avtalen.

Det er løyvd kr 40 000 til dette føremålet.

Oppsummering:

Oppsummert er midlane til BU-programmet slik

Eigedomsselskapet	kr 60 000
Badestrand	kr 70 000
Park	kr 67 000
Båthamna	kr 47 000
Trafokiosk	kr 5 000
Heimesider	kr 40 000
Anna	kr 5 000
Gjennomgangsbustader	kr 40 000

Totalt **kr 329 000**

Restsummen på 1000 kr har vore nytta til mindre administrasjons- og møteutgifter. Vi hadde litt kostnader i samband med besøk av Humørbonden. Våren 2013 var vi vertskap for Fylkesmannen si todagers samling for andre bygder som deltek i bygdeutviklingsprogrammet. Det var ei vellukka samling der vi fekk vist fram alle tiltaka som er gjennomført. Samlinga var i Grendahuset, deltakarane overnatta på Grandane Feriehus. Livretten ved Inger Bjånes stod for matservering. Om kvelden fekk deltakarane nyte middag på puben, med mat levert av Askvoll sjømat og delikatesser. Anna Sekulic Lewis underheldt gjestane med song. Fylkesmannen dekkar kostnadane ved samlinga.

Av tiltaka som stod i prosjektplanen er det tiltaket «Attraktive tomtar» som ikkje er gjennomført eller forsøkt gjennomført. Årsaka til dette er at dette er eit tiltak som må forankrast i arealplanen for bygda. Denne planen er ikkje laga enno. Det er elles verdt å merke seg at alle midlane har vore med på å utløyse stor dugnad og andre midlar, noko som var eit sentral mål i prosjektet.

Styringsgruppa for prosjektet har vore: Marianne Langeland, Erlend Vie, Harald Stang, Kåre Leknes fram til utgangen av 2012, Håvard Yndestad frå og med årsmøtet 2013, og Knut David Hustveit som kommunen sin representant. Gunhild Berge Stang har vore prosjektleiar og sekretær for gruppa. Styringsgruppa for bygdeutviklingsprogrammet sitt mandat var å fordele og prioritere midlane til dei aktuelle tiltaka. Sidan midlane er fordelte og prosjektperioden er ute reknar styringsgruppa seg for ferdige med arbeidet.

På vegne av Styringsgruppa for bygdeutviklingsprogrammet,

Gunhild Berge Stang
-Prosjektleiar-